

MS SUNNHORDLAND har kasta loss frå Tallinn.

27.10.2016



MS SUNNHORDLAND klar for avreise frå Tallin i dag.

**MS SUNNHORDLAND er klar for heimreis til Stord. Torsdag 3. november kl. 18 legg skuta til kai på Leirvik, slik skipet gjorde i Sunnhordland Snøgggruter frå 1949 til 1973. Når uskedalen.no vil ha fokus på heimreisa og velkomsten, er det fordi Olav Myklebust var maskinsjef på SUNNHORDLAND i perioden 1963 - 1967 og at Arne Terje Haugland var matros ei tid på 1960 talet. Så langt vi kjenner til, var Sigvald Hauge maskinist på dette skipet.**

Mange minnest MS SUNNHORDLAND, eit av fleire krigsskip som vart ombygd til rutegåande passasjerskip etter krigen. Skipet var det største i HSD sin flåte med sine 996 BRT, 16 knops fart, 670 passasjerar, 70 lugarar og med plass til 10 bilar.

Ein kunne stilla klokka etter SUNNHORDLAND, gjekk frå Bergen kl. 14.30 kvar dag unnateke sundag. Kom til Leirvik kl. 18 før skipet la ut på ei rundreise i Sunnhordland, retur til Leirvik kl. 0.30, innom Larstø/Eidsvik og siste stopp på Sunde kl. 2.45 før turen gjekk gjennom Laukhammasund, Langenuen mot Bergen med ankomst kl. 07.00.

MS SUNNHORDLAND vart teken ut av rute 20. juni 1973. Alt året etter vart skuta seld til Finland og sett inn i rute på Helsingfors og innsjøane der. Namnet vart KRISTINA BRAHE. Ei veteranskipsgruppe i Sunnhordland har kjøpt gamle SUNNHORDLAND. Etter dokking og klargjering kasta skipet loss i dag og er no på sin seglas over Østersjøen mot Noreg. Vi vil fylgja opp denne saka, vera på Leirvik neste torsdag og ha artiklar om dei frå Uskedalen som var mannskap på SUNNHORDLAND. Dersom du har kunnskap om andre frå Uskedalen som var mannskap, bed vi om tilbakemelding på mobil 915 31 487.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Veteranskipet MS Sunnhordland